

Årsrekneskap 2020

Vennelaget for Lensmannsgarden på Varhaug



Generelt

Vennelaget er ein ideell organisasjon som ikkje har økonomisk avkastning som målsetjing. Vennelaget må likevel byggja opp ein tilstrekkeleg solid økonomi til å kunna påta seg risiko i samband med kulturarrangement. Me trur vidare at det er viktig for artistane, Hå kommune og styremedlemmene at Vennelaget er på trygg økonomisk grunn.

Styret har vedteke eit dokument som inneheld rekneskapsprinsipp for Vennelaget. I tillegg har me ein revisor som passar på at me rapporterer rett.

Vennelaget nyttar ein modell for å berekna økonomisk risiko ved større arrangement. Dette gjev grunnlag for å ta avgjerder basert på kalkulert risiko. Ein del av økonomistyringa er også at Vennelaget etterkalkulerer alle arrangement. Dette gjev læring for komande kulturtilbod.

Koronaåret 2020

2020 vart eit spesielt år. Rekneskapet viser eit underskot på kr 19.968. Basert på informasjonen nedafor finn ein at det ville ha vore eit overskot på kr 4.285 om Vennelaget ikkje hadde støtta "minikino" og hjertestartar. Men sidan Vennelaget har ein solid økonomi har styret funne det formålstjenleg å støtta desse prosjekta som "aukar verdien" av den kulturelle møteplassen Lensmannsløå.

Kultur i Løå

P.g.a. koronaen vart det mest ikkje arrangement i løå og den kulturelle delen gjekk difor kun i balanse totalt sett.

Prosjekter

2020 var eit aktivt prosjektår

- Vennelaget støtta innkjøp av "minikino" oppe i løå med kr 18.000 + nokre småutgifter, totalt kr 19.231.
- Vennelaget støtta innkjøp av hjertestarter med kr 5.022.
- Vennelaget organiserte reparasjon av mur og trapp ved våningshuset. Dette ga kr 7.900 i overskot p.g.a. dugnadsinnsats.